



STEINKJER KOMMUNALE KULTURSKOLE

UTVIKLINGSPLAN



**STEINKJER KOMMUNALE KULTURSKOLE
EIN ARENA FOR GLEDE,
UTFALDING OG MEISTRING.**

1. INNLEIING	
FORORD OG BAKGRUNN FOR PLANEN	s.4
1.1 VISJON	
1.2 KORT OM KULTURSKOLEN, ORGANISASJON OG ANSVAR	
1.3 TILKNYTING TIL ANDRE PLANAR	
1.3.1 KOMMUNEPLAN	
1.3.2 ØKONOMIPLAN	
1.3.3 KOMMUNEDELPLAN FOR SKOLE	
1.3.4 KOMMUNEDELPLAN FOR KULTUR	
1.3.5 ANDRE KOMMUNEDELPLANAR	
1.3.6 KOMMUNEDELPLAN FOR SAMFUNNSMEDISIN OG FOLKEHELSE	
1.3.7 KOMMUNEDELPLAN FOR HELSE- OG REHABILITERING	
1.3.8 HANDLINGSPLAN FOR PSYKISK HELSE I STEINKJER KOMMUNE	
1.3.9 PLAN FOR PERSONAR MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE	
2. SENTRALE MÅL OG VEGLEIAND E FØRINGAR	s. 6
2.1 OPPLÆRINGSLOVA	
2.2 STORTINGSMELDING NR.39 "EI BLOT TIL LYST"	
2.3 STORTINGSMELDING NR 38 "DEN KULTURELLE SKOLESEKKEN"	
2.4 STORTINGSMELDING NR 30 "KULTUR FOR LÆRING"	
2.5 SORIA MORIA-ERKLÆRINGA	
2.6 KOMMUNEPLANEN	
2.7 RAMMEPLAN FOR KOMMUNALE KULTURSKOLAR (1989)	
2.8 NORSK KULTURSKOLERÅD – MÅL	
2.9 STRATEGISK PLAN FOR KUNST OG KULTUR I OPPLÆRINGA	
3. VERKSEM DA I DAG	s.10
3.1 ELEV TAL	
3.2 LÆRARRESSURS	
3.3 FAGOMRÅDE I DAG OG I FRAMTID	
3.3.1 MUSIKK	
3.3.2 DANS	
3.3.3 DRAMA/TEATER	
3.3.4 VISUELLE KUNSTFAG	
3.3.5 SKAPANDE SKRIVING	
3.4 ROMFORHOLD	
3.5 SAMARBEID ANDRE	
4. PROBLEMSTILLINGAR OG UTFORDRINGAR	s.15
4.1 ORGANISERING OG STRUKTUR	
4.2 LOKALITETAR	
4.3 RESSURSAR TIL PEDAGOGISK PERSONALE	
4.4 BRUKARMEDVERKNAD, VURDERING OG KVALITETSUTVIKLING	
4.5 SKOLEPENGAR	
5. KVA VIL VI UTVIKLE?	
FORSLAG TIL TILTAK OG FRAMDRIFT	s.18
5.1 DRIFTSTILTAK	
5.2 INVESTERINGSTILTAK	
5.3 ORGANISATORISKE TILTAK	
5.4 UTVIKLINGSOPPGÅVER	
6. ØKONOMISKE KONSEKVEN SAR	s.19
6.1 DRIFTSTILTAK	
6.2 INVESTERINGSTILTAK	
7. VEDLEGG	
7.1. SONG	s.22
7.2 PIANO	s.23
7.3 STRYK	s.24
7.4 KORPSSAMARBEID	s.25
7.5 SLAGVERK	s.26
7.6 BAND	s.27
7.7 DANS	s.28
7.8 DRAMA/TEATER	s.29
7.9 VISUELLE KUNSTFAG	s.30
7.10 INNSPEL FRÅ ELEVREPRESENTANTANE	s.31
7.11 "TENKJ DE!!!"	s.32

1. INNLEIING

FORORD

1. Dette er ikkje eit direkte bestillingsverk frå politikarane, men hovudutvalget har i fleire samanhengar etterlyst meir informasjon om kulturskolen, ikkje minst om planar og tankar om bruk av ressursar.
2. Samarbeidsutvalg ved skolen vart etablert i okt.-2005. Frå starten har det vore ei viktig sak for utvalget å arbeide fram ein utviklingsplan.
3. For skolen sjølv har det vore viktig å følgje opp impulsar frå brukarane våre og frå deltaking i prosjektet ”Kvalitetsutvikling i kulturskolen”.

Desse 3 momenta har ført oss til at kulturskolen ønskjer å lage og få ei politisk behandling på ein plan som går litt lenger fram i tid enn dei vanlege årsplanane, nærare bestemt minst 5 år fram i tid, altså omtrent samanfallande med rullering av økonomiplanen

Skolen har godt kvalifiserte og entusiastiske lærarar og flotte elevar. Vi har eit godt miljø, vi tilsette er stolte av skolen vår, og vi har positiv vilje til å utvikle kulturskolen til det beste for alle brukarar og tilsette. Lærarane har lenge vist stort tolmod med alt for tronge og dårleg utstyrte lokale – som dessverre ikkje er tilpassa ei kulturskoleutvikling. No er det stor motivasjon for å synleggjere situasjonen vår med håp om forbetringar på det vi har så snart som muleg, og for at vi skal få utvikle nye tilbod til fleire brukarar.

Dette dokumentet er gjennomsyra av tankar om utvikling, og det er ei beskriving av kulturskolen som kan brukast som oppslagsverk.

Vi håpar det blir brukt flittig til å hente ut opplysningar om mykje forskjellig som handlar om kulturskolen, og vi håpar at det blir lett å finne fram til det lesaren treng om mange emne – ikkje berre om økonomien – men sjølvstøtt er økonomien ein sær viktig del.

Ikkje minst er det viktig at lesaren kan sjå våre tankar om heilskap rundt den enkelte elev, at våre fag er viktige for mykje meir enn å lære ein kulturell aktivitet!

24.05.2007

Ragnhild Rise



1.1 Visjon

Frå serviceerklæringa:

**STEINKJER KOMMUNALE KULTURSKOLE – EIN
ARENA FOR GLEDE, UTFALDING OG MEISTRING.**

Frå verksemdplanen:

- Kulturskolen skal gjennom uttrykksfag utvikle dei skapande evnene i mennesket. Dette skal skje gjennom at barn, unge og etterkvart alle aldersgrupper får oppleve og uttrykke musikk, visuell kunst, dans/bevegelse og drama/teater.
- Kulturskolen skal vere ein sentral institusjon i samfunnsutviklinga i Steinkjer. Kulturskolen skal vere eit kulturpedagogisk senter med støtte og rettleiingsfunksjonar til skoleverk og kulturliv, og med servicefunksjonar til nærings- og samfunnslivet elles.
- Kulturskolen skal skape eit godt miljø for tilsette og elevar.

Ein viktig, raud tråd gjennom vår målsetting er respekt og samhold, at elevane våre gjennom samarbeidsprosjekt og den vanlege undervisninga skal lære å respektere andre sine måtar å uttrykke seg på, og på den måten også få oppleve respekt for eige uttrykk

1.2 Kort om kulturskolen, organisasjon og ansvar

Kulturskolen starta i 1985 som musikksskole, med 87 elevar. I 1992 flytta skolen inn på Dampsaga, i moderne lokale etter den tids krav, og tilpassa ein rein musikksskole.

Frå 01.08.98 vart det vedteke at det skulle vere musikk- og kulturskole, med ”administrativ tilknytning til oppvekstetaten, og administreres i hovudsak som dagens musikksskole”. Det var vidare i samband med vedtaket uttrykt:

”Steinkjer kommunale musikk- og kulturskole skal bygge opp en samlet faglig kompetanse innenfor musikk, billedkunst, teater, dans, film osv. slik at barn og unge i Steinkjer kommune kan få opplæring i slike kulturuttrykk. Musikk- og kulturskolen skal fungere som en brobygger mellom tilbud som gis i regi av skole/barnehage og frivillige lag og organisasjoner.”

I dag er skolen ein kulturskole, ei sjølvstendig eining under Avdeling for skole og barnehage, som igjen ligg under rådmannens strategigruppe. Kulturskolen har 4 fagavdelingar: musikk, dans, drama/teater og visuelle kunstfag, det siste meir basert på kurs, da vi ikkje har det som fast fag enno. Alt dette er direkte underlagt felles administrasjon.

1.3 Tilknytning til andre planar

I dette kapitlet er det lagt vekt på samordninga mellom alle arbeidsplassar innan kommunen som arbeider med barn/unge, og rolla kulturskolen bør ha i det arbeidet. Dette gjeld både førebyggjande arbeid og meningsfull aktivitet av varig verdi på andre måtar. Samfunnskritisk forskning syner at ”storforbrukarar av helsetenester er småforbrukarar av kulturtilbod” (professor Peter F.Hjort). Nyare forskning underbygger både dette og vise versa, altså at ”storforbrukarar av kultur blir småforbrukarar av helsetenester”

1.3.1 Kommuneplan

Kommuneplandokumentet identifiserar kommunens mål og strategiar, og gjev retningslinjer for kommunens organisasjon og for dei enkelte verksemdar. Kommuneplanen seier om barn og unge at det skal leggjast ”særlig vekt på barns sunnhet, kulturell kompetanse, entreprenørskap, møteplasser og deltakelse”

Planen framheld m.a. at ”Steinkjer skal være et godt, trygt og stimulerende sted å vokse opp i. Kommunens innsats overfor barn og unge skal være basert på helhetlig tenkning, med sterkt fokus på familiens situasjon og behov. Barn og unge skal tilbys et variert tilbud av aktiviteter, som gjør oppveksten meningsfylt, utviklende og opplevelsesrik.”

Det betyr for oss:

At vi i tillegg til å arbeide med vår målsetting, skal tenkje heilskap rundt den enkelte elev i både skole- heime- og fritidsmiljøet rundt eleven.

1.3.2 Økonomiplan

Økonomiplanen skal vere med på å oppfylle kommuneplanens overordna målsettingar og synleggjere kva økonomiske rammevilkår avdelingane må halde seg til.

Det betyr for oss:

Vi må ta ansvar for det vi disponerer, og vi må synleggjere kva det vi driv med kostar.

1.3.3 Kommunedelplan for skole

Visjonen i planen er ”En inkluderende skole som gir kompetanse og livsglede”.

Hovudmål er: ”Skolene i Steinkjer kommune skal gi opplæring tilpasset den enkelte elevs evner og anlegg, og legge til rette for et godt fysisk- og psykososialt oppvekstmiljø. Skolene skal være utviklingsorienterte og brukerrettet, og vektlegge samarbeid for å fremme helhetlige løsninger”.

Det betyr for oss:

At vi og grunnskolen samarbeider om heilskapen rundt den enkelte elev. At vi synleggjer kor viktig estetiske fag er.



1.3.4 Kommunedelplan for kultur

Kommunedelplan for kultur skal ha fokus på utviklinga av kulturtilbod og kulturaktivitetar i Steinkjer kommune. Kultur er ein viktig del av opplæringstilbodet innan skolane, og kulturskolens tilbod er ein viktig del av kulturtilbodet i kommunen.

Det betyr for oss:

At vi har samarbeid med alle aktuelle aktørar i kulturlivet i Steinkjer.

1.3.5 Kommunedelplan for PPT og barnevern

PPT og barneverntenesta er viktige samarbeidspartar for skolane når det gjeld førebyggjande arbeid og direkte i arbeid med elevar og foreldre som har behov for ekstra støtte.

Det betyr for oss:

At vi i tillegg til å arbeide for eigenverdien i våre fag legg til rette for og syner fram at vårt arbeid også er førebyggjande arbeid.

1.3.6 Kommunedelplan for samfunnsmedisin og folkehelse

M.a. helsesøstertenesta er ein viktig samarbeidspart når det gjeld barn og unge, frå spedbarn til vaksen, altså elevar i den aldersgruppa kulturskolen har.

Det betyr for oss:

At vi har eit ope opptak med tilbod til folk i alle aldrar.

1.3.7 Kommunedelplan for helse og rehabilitering

Kulturskolen er saman med skolen ein del av eit heilskapleg tilbod, saman med andre ordningar innan helse og rehabilitering

Det betyr for oss:

Som under 1.3.5 og 1.3.6

1.3.8 Handlingsplan for psykisk helse i Steinkjer kommune

20 % av psykiatrimidla skal knytast til tiltak for barn og unge. Her bør Steinkjer lære av sin nabokommune Levanger, som kanalisere ein stor del av psykiatrimidla til kulturskolen.

Det betyr for oss:


At vi synleggjer eit av dei fortrinna vi har, som er den personlege kontakten vi kan gje våre elevar – eit førebyggjande tiltak i seg sjølv. At vi har godt samarbeid med helse- og sosialavdelinga i kommunen.

1.3.9 Plan for personar med nedsett funksjonsevne

Skolen har ansvar for å inkludere og gje eit tilpassa tilbod til alle barn og unge.

Det betyr for oss:

At vi har eit reelt tilbod til alle – eit tilbod som bør aukast ved å tilsette ein musikkterapeut.



2. **SENTRALE MÅL OG VEGLEIENDE FØRINGAR**

Heilt frå forsøk med "Samordna kommunal musikkopplæring" (1974 – 1981), via Dugstadutvalgets innstilling "Musikkskolene, en dynamo i det lokale skole- og kulturmiljøet" (1989), og no gjennom stortingsmeldingane som er nemnt under dette kapitlet, går denne grunntanken att:

Kulturskolen skal vere eit lokalt ressursenter i lokalsamfunnet, for grunnskolen og kulturlivet. For at det skal vere muleg, må det til ei samordning mellom grunnskolen, kulturskolen og kulturlivet elles. Dette er eit viktig utviklingsmål for Steinkjer kommunale kulturskole.

2.1 **Opplæringlova**

Formålsparagrafen § 1-2 omtalar skolens ansvar for å utvikle evnene og føresetnadene til elevane, åndeleg og kroppsleg, utvikle kjennskapen til den nasjonale kulturarven og støtte opp under eit felles kultur- og verdigrunnlag. Opplæringa skal tilpassast den enkelte elevs føresetnader.

Først i Opplæringslovas § 13-6 finn ein den såkalla "kulturskolelova":

«Alle kommunar skal aleine eller i samarbeid med andre kommunar ha eit musikk- og kulturskoletilbod til barn og unge, organisert i tilknytning til skoleverket og kulturlivet elles»

To andre punkt i Opplæringsloven gjeld også for musikk- og kulturtilbodet. Det er § 14-1 om tilsyn og § 15-1 som informerer om forvaltningslova.

2.2 **Stortingsmelding nr. 39 "Ei blot til lyst"**

I si handsaming av meldinga gjekk utdannings- og forskningskomiteen inn på både elevperspektivet og det samfunnsmessige perspektivet til utviklinga av kulturskolane.


"Komiteen ser at fremveksten av kulturskoler i kommunene har stor verdi for lokalsamfunnet som kulturformidlingsinstitusjon. Kunstnerisk utfoldelse gjennom elevaktiviteter bidrar etter komiteens mening til å bygge nærmiljøet på en positiv måte og er en ressurs for det øvrige kulturlivet lokalt. Kulturskolen representerer et skoleslag der elevene får delta ut fra egne forutsetninger og evner og uten opptakskrav. Det er etter komiteens mening viktig at kulturskolen er et sted der barn og unge får oppleve det å lykkes gjennom positiv utvikling av egen ferdighet og kompetanse.

Komiteen vil understreke at breddesatsingen er en svært viktig side ved kulturskolens virksomhet. Samtidig ser komiteen at den store bredden også skaper talenter som får mulighet til å utvikle seg videre gjennom det øvrige utdanningstilbudet og kulturinstitusjoner som er etablert. Fremveksten av kulturskolene har gitt god rekruttering til musikklivet, og mange unge som har fått gjennomslag både nasjonalt og internasjonalt har sin fortid som elever ved kulturskolene". (Inst.S.nr.131 (2003-2004) kap 2..3 Kulturskolen)

Meldinga peikar på at utfordringa i det vidare arbeidet er å lykkast med eit godt samarbeid mellom grunnskolen, kulturskolen og kulturlivet elles. Det vert hevda at det er kommunen

som skoleeigar for begge skoleslaga som har mulegheit til å utvikle musikk- og kulturskolane til å bli ressursentra for grunnskolane i kommunen, slik det allereie har skjedd i nokre kommunar. Kulturskolens rolle vil da bli endra frå i hovudsak å vere eit tilbod for ”dei få utvalde” elevane til også å bli ei kulturell drivkraft for alle grunnskolane i kommunen. Dette gjev retning for musikk- og kulturskolens mulegheiter også som aktiv aktør i utvikling av Den kulturelle skolesekken lokalt.

Eit tilbod der musikk- og kulturskolen i sterk grad gjev eit breiddetilbod til både den offentlege skolen og kulturlivet elles, vil kunne femne vidare enn i dag. Med den fleksible og utvida skoledagen som etter kvart vert teke i bruk i grunnskolen, vil det også opne for auka samarbeid, blant anna ved å legge deler av den generelle musikk- og kulturskoleundervisninga inn i ein utvida skoledag. Det kan også gje rom for betre sambruk av lærarressursar med skolen. Staten ønskjer å legge til rette for erfaringsspreiing av gode eksempel på ulike former for samhandling.



2.3 **Stortingsmelding nr. 38 ”Den kulturelle skolesekken”**

I underkapittel 6.4 i meldinga tek ein for seg lokal forankring og medverknad. Dette kap. omtalar kommunane – altså skoleeigarane – sitt ansvar for lokal forankring og eigarskap til Den kulturelle skolesekken sett i lys av L97. Det vert vist til at aktørar i arbeidet på lokalt nivå m.a. er skoleeigar – kommunen, den enkelte lokale skole, private og offentlege kunst- og kulturinstitusjonar, frie grupper, profesjonelle kunstnarar og dei kommunale musikk- og kulturskolane.

Både i Inst. S.nr. 131 og S. nr 50 kommenterar Stortinget kulturskolane i relasjon til Den kulturelle skolesekken.

I Innst.S.nr.50 slår kulturkomiteen fast

...at det i forbindelse med skolesekken må arbeides for en organisering og arbeidsdeling mellom skolene, lokale kulturinstitusjoner, lag og foreninger. Kulturskolene har etter komiteens oppfatning en viktig rolle i tilretteleggingen av Den kulturelle skolesekken både når det gjelder formidling, elevdeltakelse og pedagogisk kompetanse. Komiteen understreker den viktige rollen kulturskolene er tenkt å ha som lokale ressursentre på kulturområdet og at mange kulturskoler besitter stor kompetanse innen flere kunstarter. Dette gir etter komiteens mening store muligheter for å bruke kulturskolen aktivt i kulturformidlingen i skolen. Dette vil både sikre at de lokale ressursene utnyttes og at man får et lokalt preg på skolesekken.

I kulturkomiteens innstilling vert det også peika på

...at det er den lokale forankringen som er basisen i Den kulturelle skolesekken og at det er i den enkelte kommune at kraften og initiativet til en satsing på kultur skal ligge. Komiteen mener at det også vil være behov for å styrke den samlede kulturkompetansen i grunnskolen, ved å la andre fagpersoner/-miljø komme inn i skolen. Det vises til at det i mange kommuner er etablert et godt samarbeid mellom

grunnskolen og viktige fagmiljø, som for eksempel kulturskolene, bibliotekene og lokale museum.

Når det gjelder innholdet i Den kulturelle skolesekken viser komiteen til viktigheten av et godt samarbeid mellom skole og kulturskole, lokale kunstnere, musikere, museum og bibliotek.

2.4 **Stortingsmelding nr. 30 "Kultur for læring"**

Meldinga omtalar ikkje dei estetiske faga spesielt, men peiker på at fleire av høyringsinstansane har ønska at den estetiske dimensjonen skal synleggjerast som ein del av kvalitetsutvalgets foreslege basiskompetanse.

Departementet legg til grunn at kunst og kultur har stor eigenverdi, og meiner at estetiske fag difor skal ha ein sentral plass i skolen. Skolen er ein kulturberar og ein kulturarena, og den skal opne dører til meir og ny kunnskap. Vidare peikar departementet på at barn og unges kreativitet og nysgjerrigheit er ei kraft som betyr mykje for lærelysta, læringsutbyttet og dei utøvande og skapande aktivitetane i skolen. Kunst- og kulturopplevingar er veldig viktige for den enkelte elevs personlege utvikling og livskvalitet. Kulturelle emne og estetiske fag blir da viktige verkemiddel for å skape evne til å forstå kultur.

2.5 **Soria Moria-erklæringa**


Allereie i valgkampen før valget hausten 2005, lanserte dei tre samarbeidspartia Arbeidarpartiet, SV og Senterpartiet "Det store kulturloftet", der kulturskolane vart halde fram som eit viktig satsingsområde. Da dei kom i regjeringsposisjon i oktober, vart dette følgt opp i den såkalla Soria Moria-erklæringa der dei uttala:

Regjeringen vil at alle barn skal ha et tilbud om plass i kulturskolen til en rimelig pris.

Denne utsegna har skapt store forventningar i kulturskolesektoren og blir sett på som uttrykk for ein vilje frå Regjeringa si side til å sette i verk konkrete tiltak, i tråd med andre viktige politiske kampsaker.

2.6 **Kommuneplanen**

Sjå under 1.3.1



2.7 **Rammeplan for kulturskolen "På vei til mangfold"**

Denne rammeplanen var teke opp i hovudutvalget for oppvekst og kultur i 2004. Planen bygger m.a. på prinsippet om at "et likeverdig skoletilbud er et overordnet utdanningspolitisk mål i Norge. En rammeplan er et ledd i å sikre at alle får adgang til et

kulturskoletilbud, uansett bosted, økonomi og levekår.” Planen bygger på eit hovudprinsipp om at kulturskolen skal vere eit ressurscenter i lokalsamfunnet.

Om formål og oppgåver seier planen: ” Alle elever skal få ei kulturskoleopplæring i samsvar med de evner og forutsetninger de har. Undervisninga må ta utgangspunkt i at alle mennesker har behov for å gi uttrykk for følelser, tanker og fantasier gjennom kunstneriske uttrykksformer. Kulturskolen må derfor legge til rette for ei opplæring som fremmer glede i skapende virksonhet, personlig vekst og kunstnerisk utvikling hos elevene, og som bidrar til et meningsfylt liv.”



2.8 Norsk kulturskoleråd – mål

Visjonen er: **”Kulturskole for alle”**

Mål for å nå denne visjonen er:

- å være en aktør i den kulturpolitiske debatt generelt og i kulturskolespørsmål spesielt.
- å bidra til å videreutvikle kulturskolene faglig slik at et best mulig tilbud kan gis kommunens innbyggere.
- å skape en organisasjon som på en effektiv og god måte støtter kommunene i å utvikle sine kulturskoler til lokale ressursentre
- å arbeide for å sikre et nødvendig økonomisk grunnlag for kulturskolene og for Norsk kulturskoleråds virksomhet.

2.9 Strategisk plan for kunst og kultur i opplæringa

Denne planen er ikkje offentleggjort enno, men skal etter siste info kome ca. 20. juni.

Statsråd Øystein Djupedal skulle presentere den i Bodø i feb., og sa i den samanhengen veldig mykje positivt om kulturskolen, så vi ventar i spenning.....

2.10 Den kulturelle skolesekken – handlingsplan

Kulturskolen er tillagt koordineringsansvaret for Den kulturelle skolesekken i Steinkjer kommune. I 2. grunnprinsipp for handlingsplanen for Steinkjer står det:

” Grunnskolelevane i Steinkjer skal sjølv få utøve kunst og kultur gjennom eigen aktivitet. Den kommunale kulturskolen bør vere ein sentral samarbeidpart i dette, m.a. fordi kulturskolen med sine arbeids- og erfaringsområde er eit skoleslag som er godt kvalifisert for å vere eit naturleg bindeledd mellom profesjonell kunst og pedagogisk utøving”



3. VERKSEMDA I DAG

3.1 Elevantal

Vi har i dag ca 562 elevplassar, fordelt slik:

Dans:	259
Musikk:	280
Drama/teater:	16
Dagtilbod for psykisk utviklingshemma:	7
I tillegg har vi hatt kurs i "Musikk frå livets begynnelse":	ca 10
og kurs i visuelle kunstfag for	ca 20

Vi starta skoleåret med 605 registrerte elevar, men mange har falle av i løpet av året, utan at vi har kunna fylt dei plassane. Ein av grunnane er at vi ikkje utan vidare kan sette inn nye elevar på gruppe med elevar som har eit visst grunnlag frå før.

Alder er frå 0 – 1 år i Musikk frå livets begynnelse, 4-åringar på danseleik, hovudbrukargruppa i grunnskolealder, ein del i vidaregåande skolealder, og i dagtilbod for godt vaksne. I tillegg kan det vere kurs for vaksne i alle aldrar.

Dersom vi skal følgje nasjonale tilrådingar og uttalingar frå kommunedelplan for skole, bør vi ha minst 841 elevar, som er 30 % av grunnskoletalet pr i dag.

3.2 Lærar- og administrasjonsressurs

Vi har dette skoleåret til saman 18 tilsette i til saman ca 9 stillingar

130 % til administrasjon, inkludert 10 % til å koordinere "Den kulturelle skolesekken"

50 % sekretær.

198 % danseressurs, 15 % drama/teaterressurs, 517 % musikkressurs.

Av det sel vi tenester:

160 % til korps, 22 % til grunnskole, 10 % til andre kommunar.

3.3 Fagområde i dag og i framtid

Fagområda i kulturskolen skal gje læring og utfaldingsmulegheiter innanfor eit spekter av ulike kulturuttrykk. Steinkjer kulturskoles fagområde bør svare til behov og mulegheiter i lokalmiljøet, og spegle Den kulturelle skolesekken og det lokale kulturlivet, utan at ein trakkar i kvarandre sine bed. Samstundes skal kulturskolen gje mulegheit for kunstnarlege uttrykksformer som enno ikkje har feste i lokalmiljøet, og på den måten hjelpe til med å gjere det rikare.

Dei viktigaste basisområda for Steinkjer kulturskole har til i dag vore hovudsakleg innanfor musikk og dans, sjølv om det også er eit visst tilbod innan drama/teater, og innan visuelle kunstfag, det siste berre på kursbasis. På vegen vidare bør ein tenkje seg at dette blir utvida til 5 basisområde, slik det står beskrive i "På veg til mangfold" – rammeplan for kulturskolar. Desse basisområda er: Musikk, dans, visuelle kunstfag, drama/teater og skapande skrivning. I tillegg kjem områda som basisfaga også er ein del av, men som vert bruka i ein annan samanheng enn direkte opplæring med eigne timar i kulturskolen. Dette gjeld m.a. kultur og helse, under det også rusførebygging, psykiatritiltak, tiltak retta mot flyktingar og barneverntenesta.

Skolen har gjennom mange år hatt som ein viktig del av verksemda å lage store produksjonar på tvers av fag. Dette er eit enda viktigare satsingsområde i ein framtidig, ekte KULTURSKOLE. I ei slik utvikling er det viktig å ha nok ressursar til å produsere, noko som krev ein kompetent, ansvarleg lærar/leiar, og utvikling av nye fag der elvane kan lære slik kompetanse. Vi får da eit nytt, viktig fagområde som gjennom mange forskjellige underfag kan binde alle kulturfaga, og som vi kallar...

Produksjonsfag

Det som kan kome inn under dette faget er

- PR-arbeid rundt førestillingar og produksjonar
- Det å organisere ein produksjon
- Lyd og lys
- Kulisser
- Scenografi
- Kostyme, rekvisittar og sminke.
- Performancekunst
- Akrobatikk

Improvisasjon og komposisjon

Dette er viktige fellesområde som bør prioriterast innan alle fag og alle sjangrar, kvar med sitt særdrag. Det krev at læraren har stor trygghet til å sleppe laus kreativitet og utviklingspotensiale hos elevane. Altså må lærarane kursast i dette, og vi må bruke profesjonelle til hjelp.

3.3.1 Musikk

Innan musikk har vi: Piano, song, fløyte, gitar, bassgitar, slagverk, fiolin, cello, bratsj, trekkspel, baryton, horn, kornett, trompet, trombone, tenorhorn, klarinett og saksofon.

Musikkfaget skal skapa allsidigheit, breidde og talentutvikling. Spel, song, ensemble og konsertar må vere kjerna i kulturskolens musikktilbod.

Gjennom arbeidet med musikk som uttrykksform skal elevane:

- Utvikle sin eigen musikalitet og glede ved å synge og spele
- Utvikle vokale og instrumentale ferdigheiter og evna til formidling
- Utvikle evna til samspel og mellommenneskeleg samhandling
- Bli aktive lyttarar som reagerer med kjensler og refleksjon på musikk og som er i stand til å velje innanfor eit mangfaldig musikktilbod
- Få tiltru til sine egne, skapande evner
- Bli ressurspersonar som kan vere med og utvikle musikklivet i nærmiljøet

Desse måla oppnår vi gjennom ulike former for undervisning:

- instrument- og vokalopplæring
- samspel
- lytting
- improvisasjon og komposisjon
- musikkorientering
- konsertar og det å opptre.





3.3.2 *Dans*

Innan dans har vi: Danseleik, barnedans, klassisk, jazz, moderne, hip hop, guttedans og koreografi.

Hos barn er dans eit intuitivt uttrykksmiddel frå fødselen av, som eit naturleg samspel mellom lyd og bevegelse . Det er viktig at denne medfødde evna vert stimulert vidare i oppveksten. Å oppleve, utøve og å skape dans vil kunne gi ei positiv haldning til eigen kropp, utvikle evna til å lytte til eigen kropp, stimulere til kreativitet, og styrke elevens fysiske , sosiale og intellektuelle haldning. Det bør også leggast vekt på å føre tradisjonsdansen vidare for å skape sterkare band til eiga historie.

Gjennom arbeidet med dans skal elevane

- utvikle ei positiv haldning til eigen kropp og oppleve gleda ved å danse og bevege seg
- oppleve at dei lukkast i arbeidet sitt med å skape, utøve og formidle dans på sitt nivå og på sine egne premissar.
- oppleve dans som ei estetisk uttrykksform
- utvikle evne til konsentrasjon, disiplin og til å halde ut.
- oppleve dans som ein sosial arena der dei blir utfordra av kvarandre og lærer å tolerere kvarandre sine uttrykk og løysingar.

Det finst mange forskjellige hovudgrupper av dans:

- Kunstdans
- Samversdans
- Dans med rot i ungdomskulturen
- Kreativ og skapande dans



3.3.3 *Drama/teater*

Her er den kreative leiken sentral, det å gje uttrykk for seg sjølv og bli oppfatta av andre. Teaterets "late-som-om" har klare parallellar til barneleik, og nærheit til barn og unges eige uttrykk i leiken må vere sentral for kulturskolen sitt arbeid med teater.

Gjennom arbeid med teater som kunstnarleg uttrykksmiddel skal elevane

- bli glade i å delta i skapande prosessar saman med andre
- utvikle sin uttrykksevne og formsans gjennom aktiv utforskning og utøving med kropp og stemme som uttrykksmiddel
- utvikle innsikt i og forståing for teater som kunststart
- utvikle evna til medbestemming

Dette blir gjort gjennom

- rolleleik
- improvisasjon
- dramaturgi og grunnelement i fiksjon
- "tekst " på scena
- bevegelse og stemme
- mime
- dokker
- masker
- kostyme
- scenetekniske disiplinar; scenografi, lys, lyd



3.3.4 *Visuelle kunstfag*

Visuelle kunstfag omfattar biletkunst, kunsthandverk, digitale bilete og andre aktuelle uttrykksformer. Gleda ved å sjå og oppdage farge og formnyansar i natur og omgjevingar, og i ansikt og kroppar, er viktige impulsar i arbeid med det visuelle uttrykksfeltet. Gjennom arbeid med visuell formgjeving i ulike materialar og teknikkar vert idear og kjensler arbeidd med på ein personleg måte.

Gjennom arbeidet med visuelle kunstfag som uttrykksform skal elevane

- oppleve skaparglede i arbeid med konkrete materialar og visuell form
- utvikle sin visuelle uttrykksevne, fantasi og formsans
- utvikle kunnskap og gjere erfaringar med visuelle verkemiddel og uttrykksformer
- arbeide med å gje form til eigne idear, opplevingar og kjensler i sjølvstendige uttrykk
- utvikle ei kritisk bevisstheit om visuelle verkemiddel og kommunikasjon

Dette blir gjort gjennom ulike arbeidsformer, alt dette også avhengig av kva type visuelt uttrykk det vert undervist i.

- kunnskap om materialar og reiskap

- teknikkar
- utstillingar og presentasjonar
- visuell kunst i møte med andre fagområde



3.3.5 Skapande skrivning

Bruk av egne ord og erfaringar i skapande forteljing og skrivning utviklar sjølvtilitt og fremjar engasjement og kjennskap til egne kjensler i møte med omverda. Ved å stimulere den personlege skrivegleda kan vi ta vare på og utvikle skrivelyst og uttrykks glede, utvikle språkkjensle og utvide ordforrådet.

Gjennom arbeidet med skapande skrivning som uttrykksform skal elevane

- bli glade i å skrive og lese
- utvikle eit personleg og sjølvstendig språk gjennom utforsking av skrivning og skrift
- lære seg å uttrykke egne kjensler, meiningar og erfaringar, og på den måten utvikle sin eigen identitet.
- Øve seg i å oppfatte budskap og verkemiddel i ulike slag tekster
- Lære seg å bruke verktøy for tekstutforming, tradisjonelle og elektroniske.

Kulturskolens skriveverkstad kan innehalde følgjande:

- Lyrikk
- Prosadikt
- Songtekster
- Noveller
- Eventyr
- Den munnlege forteljinga
- Dramatikk
- Rim, regler og ordspel
- Rabledikt
- Argumentasjon
- Kalligrafi og arbeid med elektroniske skriveprogram (tekstbehandling, hypertekst, netteditor, sideutlegging)
- Etymologi -læra om orda sitt opphav og tyding



3.4 Romforhold

Vi har det meste av vår undervisning på Dampsaga, der vi disponerer dette: Ballettstudio, eit mindre studio, 3 kontor i eit fellesskap, personalrom og 8 undervisningsrom. I tillegg leiger vi storsalen på Huset 2 gonger pr veke, ein dag til dans, og ein dag til drama/teater. Etter at vi mista eit ekstra rom vi har disponert på Dampsaga, leiger vi i tillegg Høveln ein ettermiddag i veka. Meir om dette i 4.3. I tillegg kjem den desentraliserte undervisninga, som er omtala i neste punkt.

3.5 Samarbeid andre

Skolar og kulturliv:

Vi sel fast 3 t til Egge skole, og på prosjektbasis ein del timar til skolane.

Dette skoleåret sel vi instruktør- og dirigenttenester til korps: Egge, Fagerheim, Beitstad, Sem og Kvam. Dette er organisert som undervisning i og i tilknytning til skoletid, og gjev tilbod til 70 - 100 elevar.

I tillegg har vi undervisning i skoletid på skolane Røysing, Montessori og Vålen.


Vi har på den måten desentralisert undervisning for yngre elevar på 8 skolar.

Vi sel også fast dirigentteneste til Mære barnegospel.

Regionssamarbeid:

Vi er 6 kulturskolar i regionen som samarbeider om tilbod for ekstra interesserte elevar, for nettverksarbeid mellom lærarar, og for felles utlysingar og anna felles organisatorisk arbeid. Med tida bør dette også innebere regionale orkester og andre større samordningstilbod.

4. PROBLEMSTILLINGAR OG UTFORDRINGAR



4.1 Organisering og struktur

Vi er organisert under Avdeling for skole og barnehage, noko som er ei naturleg følge av vår forankring i Opplæringslova. Men i tillegg har skolen ein fot i fleire leirar, serleg kulturavdelinga, ikkje minst gjennom vår felles plassering i Dampsaga kulturhus. Samarbeid på tvers av etatane er svært viktig, men også ei stor utfordring som krev store tidsressursar.

4.2 Lokalitetar

Vi har det meste av undervisninga på Dampsaga kulturhus, som var ferdig i 1992, med fine lokale for musikkskole, som skolen var den gongen.

I dag har vi vakse ut av dette huset, da undervisningsform og organisering av undervisning for kulturskole slik vi driv det, stiller heilt andre krav til lokale. Mangel på rom som har plass til meir enn 3 – 4 elevar hindrar både planlagt og spontant samarbeid, både innanfor kvar lærars elevgruppe og på tvers av elevgrupper. Det er tungvint og frustrerende stadig å møte hindringar for nødvendig samspel og samarbeid, og det er vanskelegare å få elevane til å flytte seg til andre lokale for å få nok plass.

All vår erfaring seier oss kor viktig det er med felles lokalisering. Unnataket er dei aller yngste, serleg i musikkfag, som gjerne kan ha si undervisning desentralisert til skolen dei

høyres til. Vilkår er at skolen har eigna rom med nok utstyr, og at skolen er positiv til samarbeid med oss

Når det gjeld dansestudio, er det faste vi har på Dampsaga for lite. Golvet er også altfor hardt, noko som fører til større og mindre skadar på lærarar og elevar. No har vi Huset i tillegg, med den ulempa at det blir vanskelegare med samarbeid mellom lærarane i dans.

Vi ønskjer å få inn visuelle kunstfag som fast tilbod, men manglar – i tillegg til ressurs for å tilsette lærar – lokale med plass til grupper, vask, godt lys og plass til å lagre både ting som er under arbeid og utstyr til undervisninga.

Dampsaga – eit kulturelt ressurscenter

Vi ser det som veldig viktig at Dampsaga er vår hovudsamlingsplass, både i dag og i framtida. Ei føresetnad for det er at Dampsaga blir bygd ut. Dampsaga er kulturhuset i byen – eit sentrum for kulturell aktivitet i Steinkjer – sterkt poengtert av politikarar gong på gong. Frå vår side, som arbeider her, er det heilt naturleg og riktig – og særst viktig – at vi har tilgang til ei god scene med alt som høyrer til, at vi har alt vårt på der denne scena er, som kostymelager, sceneutstyr, alt utstyr vi har og som vi etter kvart må skaffe oss, plass til visuelle kunstfag med dei mulegheitene det vil gje for å lage eit meningsfullt arbeid rundt produksjonar. Det er også viktig at vi har det samarbeidet vi har med bibliotek og andre i huset. Det som kanskje er viktigast er at vi har fagmiljøet vårt samla, og at elevane har ein plass med eit miljø dei kan identifisera som sin kulturskole i Steinkjer.

4.3 Ressursar til pedagogisk personale

Vi har ikkje tilbod til alle som ønskjer det, serleg innan bandinstrument. Lærarane vi har er godt kvalifiserte, også dei som kan mangle formell kompetanse.

Kunnskapsløftet gjev rom for mykje kompetanseutvikling av lærarar i grunnskolen, men kulturskolen fell litt utanfor desse mulegheitene, da våre fag ikkje er høgt nok prioritert for tida. Sjølv om våre lærarar får mulegheit til ein del kursing, bør dette inn i meir faste former, i tråd med ord om kompetanseutvikling i desse dokumenta:

- Kommunal kompetanseplan
- Handlingsplan for ”Den kulturelle skolesekken”
- Nasjonal plan for ”Den kulturelle skolesekken”
- Kunnskapsløftet.



4.4 Brukarmedverknad, vurdering og kvalitetsutvikling

4.4.1 Brukarmedverknad

Vi gjennomførte ei brukarundersøking som var klar hausten 2005. Skolen fekk godt skussmål på det meste, men hadde forbedringspotensiale serleg på kontakten mellom skole og heim. Oppretting av samarbeidsutvalg var eit av tiltaka som skulle rette på det. Det var også eit ønske om å fortsette med større produksjonar og prosjekt. Dette ønsket er uttrykt oftare og oftare, og ser ut til å vere ein tendens vi må ta alvorleg, ikkje minst grunna med at det sosiale aspektet er lagt sterkare vekt på etter kvart.

Vi har også mulegheit for å bygge ut elevbedrifter for større og mindre produksjonar. Dette kan vere danse- eller musikkgrupper som tek på seg oppdrag, det kan vere elevar som tek ansvar for PR-opplegg, brosjyre eller anna som trengst rundt vår aktivitet.

4.4.2 Vurdering

Elevvurdering:

Kulturskolen skal vere ein stad for glede, utfalding og meistring, utan eksamenspress og konkurransejag. Her skal dei få erfaringar som gjer at dei blir vinnarar på eigne premissar i ei kunnskapsutvikling prega av kreativitet og personleg uttrykk. Dette gjer at det ikkje er ønskjeleg med eintydige kvalitetsmål, og at formalisert, skriftleg elevvurdering er uaktuelt. Men vurdering er nødvendig og viktig for den enkelte og for dei føresette, gjennom jamnlege tilbakemeldingar og faste møte.

Læraren lagar kvart år halvårs- og årsplanar for undervisninga, og denne skal vurderast like ofte, og i samarbeid med eleven.

Verksemdevurdering:

Skolen har delteke i eit nasjonalt prosjekt med kvalitetsutvikling, der vi 2 gonger gjennomgjekk ei omfattande vurdering av verksemda etter ein EU-modell som heiter CAF – eit kvalitetsverktøy for offentlege institusjonar. Gjennom dette prosjektet har vi innført ein del rutinar for fast verksemdevaluering.

I tillegg har vi den faste, årlege vurderinga gjennom det kommunale systemet, og gjennom det som det blir skrive meir om i neste avsnitt.

4.4.3 Kvalitetsutvikling

Kulturskolen må gjennom sine plandokument og evalueringar sørge for ei kontinuerleg kvalitetssikring av verksemda. Dette gjev oss ein reiskap til stadig å forbetre oss og tilpasse oss eigne og andres kvalitetskrav best muleg til kvar tid.

Sjølvevaluering:

Dette gjer vi m.a. gjennom evaluering av dei årlege verksemdplanane, gjennom personalmøte og medarbeidersamtaler og gjennom vårt planarbeid. I tillegg skjer det gjennom kollegavegleing- og samarbeid, og gjennom kommunal evaluering av brukartilfredsheit.

Brukarevaluering

Dette skjer ved rutine vi har gjennom undervisning og kontakt med heimane, gjennom samarbeidsutvalget, og gjennom bruk av skriftleg evaluering av større prosjekt. I tillegg har vi hatt ei større brukarundersøking.

Ekstern evaluering:

Dette har vi hatt 2 gongar gjennom CAF-evaluering. Elles er den viktigaste eksterne evalueringa vi har, dei systematiske og dei tilfeldige tilbakemeldingane vi får frå alle våre samarbeidspartar, som skole, lag og organisasjonar og alle som bestiller oppdrag frå oss

4.5 Skolepengar

Ideelt sett bør skolen ha ope opptak, som i Namsos, der alle som ønskjer plass på kulturskolen får det. I kommunedelplanen for skole står det at minst 30 % av grunnskoleelevane bør ha plass i kulturskolen, noko som i dag er ca 840 elevar.

Skolepengesatsen har auka raskt dei 3 siste åra, det merkar vi i ca halvering av søkjarar på venteliste. Vi merkar det også på at foreldre og brukarar er mykje meir bevisst enn før på kva dei får for pengane.

Politikarane har tidlegare sagt at dei ønskjer å innføre moderasjon, noko brukarane og vi som arbeider på skolen prioriterer svært høgt. Eit forslag frå elevrepresentantane i samarbeidsutvalget er ein modell å la "3 for 2" el.l., altså at elevar eller familiar som har meir enn to fagdisiplinar, får den tredje gratis.



5. KVA VIL VI UTVIKLE? FORSLAG TIL TILTAK OG FRAMDRIFT

Kulturskolen ønsker å vere ein levande skole som inspirerer til kreativitet, til samhandling og til respekt for andres ytringar i vid forstand. Vi ønskjer eit breiddetilbod som kan stimulere alle deler av personleg utvikling frå tidleg stadium – og for alle kategoriar menneske og aldrar, og vi ønskjer eit spisskompetansetilbod for dei som vil velje kulturfag som leveveg.

Vi er stolte av renommeet vårt som ein kulturskole med gode tilbod og gode prosjekt, men merkar at vi må ta konsekvensen av at brukarane krev meir enn før, serleg etter at skolepengesatsen har auka så raskt.

Det som frå kulturskolen er innmeldt som innspel til økonomiplanen for 2008 – 2011 er dette:

- Full utbygging av subsidiert tilbod til skolekorps og kor, inkludert tilsetjing av slagverk- og treblåslærar.
- Innføring av familiemoderasjon.
- Ressursar til å innføre visuelle kunstfag og skapande skriving.
- Innkjøp av diverse utstyr.
- Fleire og større undervisningsrom.
- Muleg utbygging på Dampsaga

I tillegg kjem det som vi har frå før:

- Få bort ventelister på fag som gitar, song og piano
- Rekruttere fleire elevar på fløyte og stryk.

I tillegg kjem også ”nye” aktivitetar som konsekvens av endra profil og endra krav:

- Produsentressurs og nye produksjonsfag rundt våre større prosjekt

5.1 Driftstiltak

Det vart i samband med kommunedelplan for skole 2005 – 2008 sagt dette:

- ”Tilbudet bør i planperioden vurderes utvidet til å omfatte billedfag, band, orkester og mer bistand til korpsene.”
- ”Det foreslås å innføre søskenmoderasjon frå høsten 2006.”
- ”Samarbeidet med grunnskolene skal utvikles gjennom mer faste avtaler om salg av tjenester over hele skoleåret eller gjennom prosjekter.”

Våre ønskjer om driftstiltak er delvis presisert i hovudpunkt 5 og under 6.1

5.2 Investeringsiltak

Utbygging av Dampsaga, ei investering som ikkje er kulturskolens ansvar, men som vil føre til auka husleige for kulturskolen:

- Oppjustering av dansegolv i eksisterande dansestudio
- Nytt ballettstudio
- Rom til visuelle kunstfag, inkl. lagerplass, vaskar og med gode lysforhold
- Eit stort studio/datarom/samspeleområde
- Oppjustering av instrument og utstyr, sjå vedlegg

5.3 Organisasjonelle tiltak

For å utvikle kulturskolen har vi behov for større ressurs til å administrere utbygging av fagseksjonar. Ein slik ressurs kan delvis tilførast lærarar som kan ta hovudansvar for sine seksjonar.

5.4 Utviklingsoppgåver

- Bygge ut alle 5 grunnfagområda (sjå 3)
- Bygge ut KULTURSKOLEN – arbeid på tvers av faga
- Kulturfag som førebyggjande og langsiktige tiltak som vil spare kommunen for utgifter på andre område på sikt.

6. ØKONOMISKE KONSEKVENSNAR

Vi ser det som hovudsak å bygge opp under at kulturskolen er og skal utvikle seg som *kulturskole*, som på investeringssida inneber ei utbygging på Dampsaga, sjå m.a. 4.2., og at vi treng utstyr som er tilpassa nye behov. Utbygging av Dampsaga vil føre til auka husleige under drift.

Vidare betyr kulturskoleutvikling at vi må få inn visuelle kunstfag som fast fag.

Vi er i gang med ein viktig prosess med subsidiert sal av tenester til kor og korps som må slutførast.

Vi må bygge ut tilbudet i takt med etterspørsel og venteliste, både eksisterande og nye tilbud.

Vi treng ein liten, fast pott kvart år som kan gje oss handlingsrom til mindre og større utviklingsprosjekt og handlingsrom til kreativitet rundt produksjonar og tiltak som verkar spesielt motiverande på elevane. Slike tiltak kan vere:

- Igangsetting av elevbedrifter eller elevdrive prosjekttiltak knytte til produksjonar.
- Musikalprosjekt, danseteater- eller musikkteaterproduksjonar, kammermusikkensemble.
- Tilbod eller kurs som er gratis på prøve.
- Utvalde gratis førestillingar.
- Produksjonsfag, gjerne som kurs.
- Besøke andre kommunar eller vennskapsbyar (elevar og lærarar)
- Kurs med kjende kunstnarar

6.1 Driftstiltak- prioritert rekkefølge

Alder	Basisfag eller område	Tiltak	Eksisterande el nytt E / N	Gjennomførast i år	Elev-tal, nye	Nye kostnader
8 – 18	Korps og kor	Sal til subsidiert pris 1)	E og N	2007, 2008 og 2009	Minst 100	350.000 pr. år,
0 – 19	Alle	Familiemoderasjon	N	2008		50.000
8 – 16	Visuelle kunstfag	Fast tilsetting 50 % 2)	N	2008	30	230.000 pr år, haust 2008 = ca 105.000
0-100	Alle	Utbygging Dampsaga	N	1010 – 12		? i auka husleige
8 – 16	Alle	Ta inn frå ventelista, ca 100 % stilling	N	2008	60	Netto ca 400.000
9 – 19	Alle fag	Kurs/prosjekttilbod i produksjonsfag, samspel etc.	E og N	2009 og framover	20	50.000 pr år
12 – 16	Skapande skrivning	Kurs / prosjekt	N	2009	20	100.000
0 – 19	Tverretatleg	Samarbeid kultur/helse	N	2009		Psykiatrimiddel
60 +	Alle	Tilbod til pensjonistar	N	2007		Samarbeid Dampsaga, søkje middel
0 – 19	Musikk	Tilsette musikkterapeut i 50 % stilling	N	2010		230.000
6	Alle	Gratis tilbod til alle 6-åringar i skoletid	N	2011	Ca 240	500.000
0 – 19	Alle	Integrering av innvandrarar, mangfaldåret 2008	E og N	2008		Prosjektmiddel

1). Sjå vedlegg 9, korpssamarbeid


2). Film og video bør få plass under dette tilbudet, gjerne i samarbeid med Eggevisjon.

6.2 Investeringstiltak

Basisfag El. område	Tiltak	Eksisterande el. nytt E / N	Gjennom- førast i år	Nye kostnader
Dans	Nytt golv på ballettstudio	N	2007	50.000
Dans	Utviding av ballettstudio	N	2008	Skal dekkast av Dampsaga A/S
Dans, musikk, visuelle kunstfag	Tilbygg på Dampsaga 1)	N	2010 – 2012	Skal dekkast av Dampsaga A/S
Musikk	Bandinstrument m.m., sjå vedlegg 7.4	N	2008, 2009, 2010	50.000 pr år
Musikk	Slagverkinstrument Sjå vedlegg 7.5	N	2008	40.000
Musikk	Utstyr til pianorum og utstyr strykefag Sjå vedlegg 7.2	N	2009	50.000
Musikk	Utstyr til musikkteknologi Sjå vedlegg 7.4	N	2009 og 2010	50.000 pr år
Visuelle kunstfag	Utstyr	N		50.000
Alle	Utstyr til produksjonsfag	N	2010	50.000

1) Tilbygg – forslag:

Dampsaga byggast ut med 2 etasjar i flukt med Høvel'n søraustover. 1. etasje kan skaffe ekstra, sårt tiltrengt lagerplass til huset, 2. etasje må romme eit stort, nytt dansestudio, lyst, stort rom til visuelle kunstfag, evt. kombinert med galleri, og med lagerplass i tilknytning. Vårt ekstra studio/datalab må også kome i tilbygget, med lagerplass i tilknytning.



Forslag til økonomifordeling pr år

	2007	2008	2009	2010	2011	2012
Drift						
Sal til korps og kor	175.000	+ 350.000 = 525.000	+ 300.000 = 825.000	Vidare- føring	=	=
Tilbod til pensjonistar		10.000	10.000	10.000	10.000	10.000
Familiemoderasjon		50.000	50.000	1) 70.000	70.000	90.000
Lærer visuelle kunstfag		105.000	230.000	230.000	Evt. auke	
Utvida til saman 100 % stilling til venteliste		400.000	=	=	=	=
Integrering innvandrarar		P-middel	20.000	=		
Diverse kurs			50.000	=	=	
Skapande skriving			100.000	=	=	=
Kultur/helse			Ps.middel			
Musikkterapeut				230.000	=	=
Tilbod 6-åringar					500.000	=
Investering						
Dansematter	50.000					
Bandinstrument		50.000	50.000	50.000		
Slagverkinstrument		40.000				
Utstyr piano / stryk			50.000			
Utstyr musikkteknologi			50.000	50.000		
Utstyr produksjonsfag				50.000		

1) Auking evt. i takt med auka elevtal som følgje av auka satsing



7. VEDLEGG

Vedlegg 1: Sang

Julie Skjelbred Ulvin og Audhild Elstad Damås, 28. mars kl. 13 – 14.30

Hentet fra ”Rammeplan for kulturskolen” s. 33

- Fleksibel undervisning/organisasjonsmodell: Veksling mellom individuell undervisning og gruppeundervisning (”verkstedpreget undervisning”), med *helhetlig* utvikling som mål.
- Samspillprosjekt på tvers av instrumentgrupper og alder.

Dette ser vi som et godt *hovedmål* for undervisningen, og må ligge til grunn når vi lager *årsplaner*.

Langsiktige og kortsiktige mål:

Sceneopptredener, så ofte som mulig, på større og mindre arenaer, tilpasset hver enkelt elevs utviklingstrinn.

For å nå disse målene har vi disse forslagene til forbedringer:

Lokaler

Behov for et stort musikkrom, med faste kortrappes og podium, godt utstyrt med instrumenter for variert gruppeundervisning.

Vi mener også at rommet bør kunne brukes som konsertlokale for intimkonserter.

Utstyr

1. *Lett transportabelt forsterkerutstyr* med mikrofoner for sang og akustiske gitarer.
2. *Opptaksutstyr* plassert slik at det er lett tilgjengelig for alle lærerne, og opplæring i bruk av dette.
3. *Musikkprogram for PC* – er Musicator det riktige? Undersøk om andre (eks. Sibelius). Opplæring i bruk, oppfordring til bruk, også for elever. Vi kommer snart ikke utenom musikkteknologi som fag i skolen vår. Krever eget rom, og/eller samme musikkprogram lagt nn på alle PC’er på skolen. Alle PC’er må ha høyttalere.
4. *Undervisningsmateriell* – et notebibliotek på hvert undervisningsrom. I dag er det meste av undervisningsmateriellet i form av sangbøker og –hefter, lærernes private, og forsvinner med lærerne som slutter. Det er sterkt ønske om *minst to* eksemplarer av aktuelle sangbøker/-hefter på undervisningsrommet.

Rekruttering av sangelever

1. Jevnlige opptredener i ulike sammenhenger.
2. Store og gode prosjekter på sangelevenenes premisser.
3. Viktig at gutter som går på sang får vist seg fram på flere arenaer, for å øke rekrutteringen blant gutter.



Vedlegg 2: **Pianoavdeling**

Elfrid , Julie, Ragnhild, 20.03.07

Mål:

1. Variert og tilrettelagt undervisning for hver enkelt elev.
2. Fleksibel organisering av undervisningen, veksling mellom verkstedundervisning/ gruppeundervisning og individuell undervisning. Krever at lærerne jobber i team.
3. Regelmessige samspillprosjekt, gjerne på tvers av instrumentgrupper.
4. En felles årsplan for alle pianolærere/ elever.
5. Regelmessige opptredener for alle piano-elever.

Lokaler/ utstyr:

1. Behov for et/ flere større grupperom hvor man kan ha undervisning av flere elever sammen. Bør være utstyrt med to piano, samt keyboard, rytmeinstrumenter og andre Orff- instrumenter.
2. Lytterom/ utstyr for lytting (CD-spiller, hodetelefoner)
3. Alle undervisningsrom bør være utstyrt med Orff-instrumenter, rytmeinstrumenter og CD-spiller.
4. Behov for musikkteknologi-utstyr på flere undervisningsrom, tilgjengelig for alle.

Samarbeid med grunnskolene:

1. Kulturskolen bør tilby alle grunnskolene opplegg for desentralisert undervisning.
2. Det kreves opprusting av musikkrom/ utstyr på skolene slik at kulturskole-lærere får respektable arbeidsvilkår.
3. Jobbe for at kulturskolen blir et kulturelt ressursenter for kommunen.

Innkjøp piano/stryk:

2 piano/keyboard á ca 15.000

Orffinstrument

10. notestativ á ca 1.000.-

Til saman

kr. 30.000.-

kr. 10.000.-

kr. 10.000.-



kr. 50.000.-



Vedlegg 3: **Fiolin / stryk**

v/ Kari Heggås og Beata Selnes:

- Flere og større øvingsrom ferdig møblert. Svarte notestativ til alle
- Piano på hvert rom
- Tavle med notelinjer
- Bedre luft (inneklima)
- Fast samspilldag med obligatorisk oppmøte
- Gode instrumenter til alle
- Mikrofoner (mygger nok)



Vedlegg 4:

Korpssamarbeid

V/ Terje Stene og Roy Olsen

iltak i utviklingsplan for Steinkjer K.K.

1. Steinkjer k.k. vil gjennom budsjett og økonomiplan legge til rette for at alle skolekorpsa i kommunen kan få kjøpe tilstrekkeleg med instruksjon til sine medlemmer. Dette vil for 2008 og 2009 bety ei auke i budsjettrammene med kr. 300.000 pr år
2. Skolekorpsa har meldt behov for også å kjøpe instruktørar til samspel for aspirantar knytt til hovudkorpset sine øvekveidar. Dette vil utgjere om lag 2 årstimar pr korps og om lag kr. 28.000 i auka rammer i kulturskolen pr korps.
For 2008 gjeld dette i første omgang Egge og Beitstad skolekorps.
Det vil derfor i økonomiplanen vere nødvendig med om lag kr. 56.000 i auka rammer for kulturskolen i 2008. Truleg vil det same vere aktuelt for Fagerheim, Sem og Kvam og kanskje andre frå 2009, slik at ein bør arbeide inn om lag kr. 56.000 i økonomiplanen for 2009.
3. Korpsa er i ferd med å samle seg i eit felles korpsforum for både skolekorps og janitsjarkorps i Steinkjer kommune. Steinkjer k.k. bør delta i dette forumet for å styrke samarbeidet mellom korpsmiljøet og kulturskolen. Instruktørar knytt til korpsopplæringa i Skk bør delta i forumet og ha møtetid til dette på den individuelle arbeidsplanen sin.
4. Steinkjer komm. Kulturskole bør i åra som kjem etablere stillingar for instruktørar på dei fleste korpsinstrumenta. Dette vil kunne skje i samanheng med styrkinga av kulturskolen i økonomiplanen (sjå pkt 1 og 2):
 - a) Messing, om lag 120% stilling (dette har vi i dag)
 - b) Slagverk, om lag 50 % stilling (vi har om lag 30% i dag knytt til andre stillingar.
 - c) Treblås (klarinet og saxofon) om lag 50% st. (vi har om lag 20% knytt til andre stillingar)
 - d) Fløyte, om lag 30 %. Dette kan knytast til stillingar vi har i dag.Desse instruktørane må kunne ta dirigentoppdrag for korpsa og ta instruksjon i samanheng med kurs og prosjekt i korpsa.
5. Opplæringa til skolekorpsa bør foregå lokalt på skolen der elevane går til dagleg. Tilbodet kan foregå både med at elevane går ut av vanleg grunnskoletid. Men vi har og god erfaring med samarbeid med SFO etter skoletid og med å legge undervisninga til skolen på ein dag då elevane har fri frå skolen. Dette kan vidareutviklast med at skolane tilpassar sine fridagar slik at ikkje alle skolekretsar har fri for dei minste elevane på same dag (onsdag)

Steinkjer 22.03.2007

Terje og Roy.

Vedlegg 5:

v/Terje Stene

Slagverkavdeling

I dag har vi

1 stk slagverk 5 trommer, 2 cymbaler, stol og hihat
1 stk ekstra skarptromme på stativ

Perkusjonsutstyr:

Vibraslap
Tambouriner mange
Maraccas 2 sett (mulig flere mindre)

Vi trenger:

*Prioriteres høyt

Musikkanlegg *	CD-spiller, DVD-spiller	Kr. 1.500.-
	TV	Kr. 2.500.-
Trommer:		
1 slagverk m. vesker *	5 trommer, 2 cymbaler, stol med rygg, hihat	Kr. 15.000.-
Hørselvern *	3 par øreklokker	Kr. 3.000.-
2 pauker		
Melodisk slagverk		
1 stk xylofon (evt. Marimba)	3 ½ oktaver	Kr. 10.000.-
Perkusjonsutstyr:		
2 bongotrommer på stativ*	(par)	Kr. 2.000.-
2 congas på stativ*	(par)	Kr. 6.000.-
Agogo		
Cabasa*		Kr. 350.-
Woodblock*		Kr. 200.-
Claves*		Kr. 200.-
Rørblokk		
Chimes		Kr. 1000.-
Trommematte	til å sette trommesettet på	Kr. 750.-
Til sammen		Kr. 2.500.- Kr. 40.000.-



Vedlegg 6: **Band-instrument**

V/Helge Risnes Nyhus

For å videreutvikle instrumentopplæring på bandinstrument er vi avhengige av egnet utstyr og lokaliteter.

Mer av undervisningen går i dag i grupper, og denne utviklingen ser vi for oss fortsetter i årene fremover. Ved samspill og gruppeundervisning trenger vi også mer utstyr.

I dag og årene fremover ser vi behov for følgende:

1 bassforsterker		2.500.-
4 gitarforsterkere	Ca 2.000.- pr stk	8.000.-
1 el.bass		3.000.-
2 el.gitarer	3 – 6.000.- pr stk	10.000.-
1 akk.gitar med innbygd mikrofon		5.000.-
2 3/4 nylon gitarer	Ca 1.000.- pr stk	2.000.-
10 gitarstativ for vegg	Ca 100.- pr stk	1.000.-
1 synth		15.000.-
2 keyboard	Ca 6.000.- pr stk	12.000.-
1 lite sanganlegg for øving (mikser, forsterker, høyttalere)		6.000.-
1 større sanganlegg for konserter		30.000.-
8 vokalmikrofoner	Ca 1.500.- pr stk	12.000.-
4 mikrofoner til oppmikking gitarsforsterkere ved konserter		4.800.-
8 mikrofonstativ	Ca 600 pr stk	4.800.-
10 trådløse bøyle/myggmikrofoner til teater/musikkteater		8.000.-
Diverser kabler		4.000.-
Trommesett inkl cymbaler		12.000.-
Trommemikrofoner for bruk ved konserter		3.500.-
Elektrisk trommesett – enklere å transportere, lavere volum ved øving.		14.000.-
Transportabel opptaksmaskin til bruk i felten		<u>3.000.-</u>
Til sammen		146.600.-
PC-ar til musikkteknologi, som også kan nyttast til visuelle kunstoffag, 10 stk:		100.000.-

Ved økt satsing på dette området, kommer også behovet for mer egnede lokaler med lydisolasjon og øverom av en viss størrelse. Nok øverom er allerede et problem enkelte dager.

Læreplanen for grunnskolen sier at elevene skal ha musikkteknologi. Det må også vi ta konsekvensen av, og kjøpe inn nødvendig utstyr til dette. Utviklingen går raskt her, og eksakt hva slags utstyr som bør kjøpes inn de neste fem årene er vanskelig å si. Vi bør ha PC/mac med diverse software, godt lydkort, studiomikrofoner og studiomonitorer. Enklere elevmaskiner med software må også til for å undervise flere på en gang. Vi bør også anskaffe en enkel transportabel opptaksmaskin for bruk i felten.



Vedlegg 7:

Dans

V/Inger Perkins

1. Større undervisningsrom på Damsp saga, ca. 80 – 90 m²
2. Flytende gulv for å unngå skader på både elever og lærere.
3. Ordentlig musikk anlegg – Amp anlegget trenger å fornyes. Ordentlig CD spiller(3 CD changer) tilknyttet til den.
4. Gardiner til speil(ene) (problem når solen strømmer rett inn).
5. Gardiner til vinduer. Når vi bruker ballettrommet som garderobe før forestillinger bør vi ha gardiner på vinduene.
6. Litt bedre luft på ballettkontoret. Dette kontoret er lite. Med mye administrasjonstid blir det for lite luft.
7. Kunne ønsket mulighet til å legge opp en utviklingsplan for elevene så de går opp i nivå for hvert år og ikke blir fastlåst av forskjellige grunn.
For eksempel: -
 - a) Nye elever, samme alder blandet med de som har gått flere år.
 - b) For mange forskjellige lærere eller vikarer kan hindre utviklingsprosessen
8. Kanskje legge opp en grunnstruktur til de forskjellige nivå som kan brukes som en basis til å bygge dansetimens innhold på.
9. Mer fokus på danseelever som en familie istedet for hver danselærer med sine elever.
10. En mannlig danselærer til å bygge og styrke guttedans og nye trender som street jazz og hip
11. hop. Og ikke minst å gi en tosidig fokus på dans.
12. Dansemiljøet må ha en grunnleggende energi i hverdagen som skaper spenning og en følelse av at noe fantastisk skal skje i neste dansetime. At danselærerne kan samarbeide godt er veldig viktig for å skape en god balanse.
13. Noe av midlene fra danseforestillinger må brukes å fornye kostymer osv. (kulisser, scenografi etc.) Det visuelle inntrykket er viktig, og det koster penger.



Vedlegg 8: **Drama / teater**

V/Ragnhild Rise og Astrid Fuglesang

Viktig prinsipp:

- Teater som arena for medbestemming. Dette er eit aktivt og bevisst arbeid, amatørteater i seg sjølv verkar ikkje utan vidare utviklande for elevane.
- Samarbeid på tvers – produksjonar.

Alder og gruppestr.:

Viktig at det er aldersdeling, t.d. 6 – 8 år, 9 – 12 år, 12 – 16 år.

Det kan med fordel vere 12 – 15 på gruppa, men dei må ha god tid kvar gong.

Lokale og utstyr:

- Stort lokale viktig, både for plass til øving i leikform, og for å dele opp i mindre grupper som kan jobbe uforstyrta.
- Gymmatter.
- CD-spelar.
- Teatersminke.
- Helst drikkevattn tilgjengeleg.
- Lagringsplass for kostyme og rekvisittar



Vedlegg 9: **Visuelle kunstfag**

V/Sanna Revdal og Ragnhild Rise

1. Visuelle kunstfag må kome inn som fast tilbud ved Steinkjer komm. kulturskole
2. Krav til lokale:
 - Vask
 - Godt lys
 - God plass
 - Vegger det er enkelt å spikre i / henge op elevarbeid
 - Oppbevaringsplass, både til staffeli, diverse utstyr og til produkt som er under arbeid
 - Pc til datakunst, nok til minst 8 deltakarar. programvare for bildebehandling, som Adobe photoshop.
 - Digitale kamera, minst 8



Vedlegg 10:

Innspel frå elevrepresentantane

Musikkelevar ved representanten Maria Selnes:

- Fleire tilbod innan kvart felt:
 - Song, undervisning kor. Fiolin, undervisning ensemble. Piano, undervisning forskjellig komp. Band.
- Plass for fleire elevar.
- Søskenmoderasjon og rabatt på fleire fag. Meir stabil pris.
- Lenger undervisningstid.
- Satse på meir instrumentalundervisning. Kan bruke det på timar i grupper.
- Samarbeid på tvers. Kulturveke/kulturskoledagar der elevane får prøve fleire fag
- Seminar med inviterte, profesjonelle musikarar.
- Konsertar med breidde, ikkje berre ein genre.
- Ein vennskapskulturskole i eit anna land. Konsertturnéar og erfaringsutveksling.
- Små ensemble på kvar grunnskole, der kulturskoleelevane på den skolen samarbeider.
- Turné på bedrifter og arbeidsplassar, ikkje berre skolar og institusjonar.
- Utandørskonsertar, t.d. torget.

Danselevar ved representant Elisabeth Olsen:

Disiplinar – fleire timar i veka!

- Lyrisk jazz , moderne dans, streetjazz, pilates

Førestillingar:

- Meir samarbeid
- Fleire store førestillingar, elevane kan ”reklamere” på skolane, offentlege plassar og andre arrangement som premieutdelinga på ski
- Opptre andre plassar enn kulturhuset
- Samarbeid med songarar på kulturskolen osv.
- Elevane kan hjelpe til med å reklamere, lage plakatar, kanskje kome med forslag til koreografi

Andre moment:

- Fleire ballettrom
- Bytte golv på eksisterande ballettrom
- Det er veldig stor forespørsel etter fleire dansetimar pr veke (uran at det skal bli så mykje dyrare)
- ”2 for 1-tilbod”, eller ”3 for 2-tilbod”, slik at det blir billegare å gå på fleire disiplinær
- Mulegheit for å kjøpe danseklede og sko gjennom kulturskolen, evt nettstad
- Ferietilbod?
- Kurs ved kjente/andre flinke dansarar (helg, langhelg eller lenger?) Poenget er forandring, noko nytt
- Leie/låne ballettrommet på fritida?



Tenkj de!!!!

(Vedlegg 11):

Av Lollo Segersson, via brønnøysunddialekt v/Ragnhild Skille, til oppdalsdialekt ved Ragnhild Rise

Tenkj de - at du vakna en mårgå og ailtt va forandra!!!

Bokstava og tal va stuva bort i en kjillar nånstaan - no va` det DANS som gjaldt.

Skuledaginn dinn va en enaste lang, endelaus rekke med danseleksjona.

På fyrrymeddan tango og folkedans, og så klassisk ballett fyrry mat - og etter pausa fortsett det med latinamerikansk, squaredance og jenka osv osv i all uendelegghet.

MEN; det går ikke så bra for det.

Like uinteressert og dåle æ du i det mæst - og derfor har du fått innvilga ekstra tima i dans og må ta spesialundervisning på den såkalla Danseklinikken. Spesialdanselærarn

trur at du antakelig li`r av dysdansi og at det e derfor at fotan snurre se inn i

kvarander og du blir plassert lenger og lenger bak på oppvisningen. Muligens har du òg et snev av MDD - Minimal Dance Dysfunction .

Læreran mase hele tida; - det e vektig at dokk lære dokk å dans orn` tleg så dokk kan få jobb etter skulin og kan delta i samfunnsdebatten!! Dokk må tenkj på at oss livvi i et dansesamfunn og at all kommunikasjon i det her samfunnet skjer ved hjelp av dans! Kan dokk itj dans vil dokk bli betrakta som dum i kroppin!!!

Min det finns èn time i vukku som du lengte etter. Dæ æ skrive- og reknetimen. Der får en hald på med tall og bokstava kor my en berre vil. Der fins ei skrive- og mattefrøken som lære de koless en kan kommuniser med tall og bokstava. Der æ du som feskin i vatnet - alle problema dine æ som blåse bort og du kjenne at i di timan kjem du virkelig te din rett. Alt det der som du alder løkkast mæ å uttrykk gjennom dansen æ så lett som berre det å berre skriv ned! Det e berre så sønd at det æ så dårleg med paper og blyanta - for itt å snakk om belysneng. Hele skolinn æ ellers full tå flotte dansesala med speil, dansemattå, barrå, lyskastera, jazzbukså, ballettsko - men lite papir og nån blyanta verke veeeeldig vanskelig å få tryll fram på dagens budsjett.

- Du vet væl at skrive- og reknetimen ska leggast ned??
- KA??? Koffer det?
- Ledelsen tykkje dæ æ onøttig.
- Min det æ jo det eneste e tykkje æ skikkelig artig på skulinn?!
- Artig ja, min ka æ det bra for? Sitt der å skrabbel krussedullå på et paper - det æ jo for småonga!
- Jaja, min å skriv æ væl òg et slags språk, en slags form å kommuniser på akkurat som dansen!?
- Forresten vil rektor at dokk ska skriv et lite dekt som vi kan dans te på avslutninga!!
- Dekt! Nei, det har itt oss tida te! Oss held på å lær koless en ska skriv logg ved hjelp tå bokstava!
- Gud så tåpeleg - for nå onøttig....